

Tanangerdagene

Over ein million klossar

Sola Legoklubb har den største samlinga av legoklossar i Noreg. I år tek klubben med seg nokre av klossane til Tanangerdagene.

**Sola
LEGO
klubb**

TRINE SELVIKVÅG
trine@solabladet.no

– Me har vore med på Sola-dagen og det var veldig kjekt. Då hadde me utstilling og mykje Lego slik at ungene fekk bygga. Me hadde òg nokre konkurransar der det var om å gjera å gjetta kva historiar som vart illustrert med legofigurar, seier Jardar Lindøe i Sola Legoklubb.

Han reknar med at legoklubben vil ha eit liknande tilbod på Tanangerdagene.

Arkitektar og ingeniørar

– Lego har alt. Du får kreativitet, lek og matematikk. Lego kan få fram både arkitektspirer og ingeniørspirer. Det finst ikkje grenser for kva som kan byggast. I Sola Legoklubb byggar me litt etter teikningar, men me oppfordrar ungene til å sjå for seg ting i hovudet sitt når dei skal bygga, seier Rune Bodalen i Sola Legoklubb.

1,2 tonn

I kjellaren på Salem står det kassar med Lego langs alle veggane. Det heng legofly i taket, ein by med hus, hotell, kyrkje, bilar, jernbane med tog og mykje meir er bygd opp på eit bord.

Rune Bodalen og Jardar Lindøe starta legoklubben saman i 2008.

Dei byrja med Bodalen si private samling, men har utvida kvart år. No har dei 1,2 tonn med Lego i kjellaren på Salem.

– Målgruppa er barn frå 3. klasse og oppover. Me har både vanlege legoklossar og teknisk Lego, seier Lindøe.

Han fortel vidare at barn får stjerner i augo når dei ser all legoen. Me har nærare 40 medlemmar, og det er omlag 20 deltakarar på samlinga kvar veke.

– Det er mest gutar, men nokre jenter er også med, seier Lindøe.




Lokale krefter

Legoklubben er ein del av Barnas dag og skal halda til i teltet på Melingsholmen.

– Me ønskjer at lokale krefter får eksponera seg på Barnas dag enten på opningsshowet eller ved at ungene får vera med på ulike aktivitetar, seier Rune Tveit.

Han er saman med Halvor Lindal ein av dei som har ansvaret for Barnas dag.

– Me har lyst til at vaksne og barn kan få sjå litt av kva dei kan vera med på i kommunen, seier Lindal.



Jardar Lindøe har laga eit sjølvportrett i Lego. (Alle foto: Trine Selvikvåg)

Tanangerdagene

Jardar Lindø og Rune Bødalen har laga ein by i lego i kjellaren på Salem.